



Jobbnorge-ID: 108095
Søknadsfrist: Heattihuvvon
Nettside:
Omfang:
Varighet:

Postdoktor i funksjonelle metallorganiske rammeverk sambindingar

Ved Kjemisk institutt (www.uib.no/kj) er det ledig ei stilling som postdoktor i funksjonelle metallorganiske rammeverk sambindingar knytt til prosjektet «Functional hybrid materials supported catalysts» og forskingsgruppa Uorganisk nanokjemi og katalyse. Stillinga er finansiert av Norges Forskingsråd.

Postdoktorstillinga er ei åremålsstilling og har som hovudmål å kvalifisere den som blir tilsett for arbeid i faglege toppstillingar. Åremålsperioden for denne stillinga er 2 år. Ingen kan tilsetjast i meir enn ein åremålsperiode som postdoktor ved same institusjon.

Prosjekt/arbeidsoppgåver:

Mål for prosjektet er framstilling og studie av nye koordinasjonspolymerer/metallorganisk rammeverk sambindingar (MOF) med funksjonelle eigenskapar i adsorpsjon og katalyse. Syntese av MOFar vil omfatte bruk av solvotermisk og Schlenk-linje teknikk. Dei vanlegaste metodar for karakterisering vært X-ray diffraksjon, termogravimetrisk analyse, og ytterlegare metodar knytt til spesifikke eigenskapar av materialet. Kandidatar med relevant bakgrunn i eit eller fleire av desse områda vært vurdert. Solid kunnskap i uorganisk og materialkjemi er ein føresetnad for å være kvalifisert for stillingen. Interesse for og/eller tidlegare erfaring med koordinasjonspolymerer/MOFar og gjennomføring og analyse av pulver røntgen diffraksjonsekspirimentar, er særns nyttig for prosjektet. Kandidatar må tydeleg dokumentere type og nivå av relevant erfaring med syntetiske teknikkar og karakteriseringsteknikkar. Kandidatar vært valt ut på basis av prosjektets mål og total ramme.

Kvalifikasjonar og eigenskapar:

- Du må ha oppnådd doktorgrad i kjemi, eller ha levert doktoravhandlinga di til vurdering innan søknadsfristen er ute. Det er ein føresetnad at doktorgraden er oppnådd før tilsetjing kan skje.
- Du må være høgt kvalifisert og motivert med eksellent bakgrunn i kjemi.
- Du må kunne arbeide sjølvstendig og strukturert og ha gode samarbeidsevner.
- Du må kunne nytte engelsk skriftleg og munnleg.

Framlegg til prosjekt for kvalifiseringsarbeidet

Den tilsette skal saman med prosjektleiar/instituttleiar utarbeide framlegg til prosjekt for kvalifiseringsarbeidet. Framlegget skal omfatte prosjekttomtale og framdriftsplan. Det er ein føresetnad at den som blir tilsett, vil kunne gjennomføre prosjektet i løpet av tilsetjingsperioden.

Vi kan tilby:

- eit godt og faglig utfordrande arbeidsmiljø
- løn etter lønssteg 57 i statens regulativ (kode 1352) ved tilsetjing. Vidare opprykk skjer etter tenesteansiennitet i stillinga.
- medlemskap i Statens pensjonskasse
- inkluderande arbeidslivsverksemd (IA-verksemd)
- gode velferdsordningar

Dersom du vil vite meir om stillinga, ta kontakt med professor Pascal Dietzel, Department of Chemistry, pascal.dietzel@kj.uib.no.

Søknaden skal innehalde:

- ei kort utgreiing om dine forskingsinteresser og motivasjon for å søkje stillinga
- namn og kontaktopplysningar til to referansar. Ein av desse må vere hovudrettleiaren frå doktorgradsutdanninga
- CV
- karakterutskrifter og vitnemål, eventuelt ei stadfesting på at doktoravhandlinga er levert
- relevante attestar
- publikasjonsliste

Du må laste opp attesterte omsetjingar av vitnemål, karakterutskrifter og anna dokumentasjon dersom desse ikkje er på eit skandinavisk språk eller engelsk.

Søknadsfrist: 1. januar 2015

Generell informasjon:

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i folket. Vi har difor som personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønssamansetning og å rekruttere personar med innvandrarakgrunn, og likeeins personar med nedsett funksjonsevne. Vi oppmodar personar med innvandrarakgrunn og personar med nedsett funksjonsevne om å søkje stillinga.

Universitetet i Bergen nyttar meirinnsyn ved tilsetjing i vitskaplege stillingar.

Opplysningar om søkjaren kan offentleggjerast sjølv om søkjaren har oppmoda om å ikkje bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teken til følge, skal søkjaren varslast om det.

Den som blir tilsett må rette seg etter dei retningslinene som til kvar tid gjeld for stillinga.

Vi oppmodar kvinner om å søkje. Dersom fleire søkjarar har tilnærma like kvalifikasjonar, gjeld universitetet sine reglar om kjønnskvoltering.

Tilleggsinformasjon

Arbeidssted: